



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3396 - 20/74549

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2020

Oversender vedtak om dispensasjon og rammeløve for oppføring av ny fritidsbustad til klagevurdering - gbnr 137/150 Alver

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 137/150
Adresse: Alverflaten 279, 5911 Alversund
Tiltakshavar/eigar: Siv og Lars Torgeir Henanger
Klagar: Siv og Lars Torgeir Henanger representert av Arkoconsult

Saka gjeld:

Saka gjeld klage på delegert vedtak, sak 20/3396, datert 12.07.2020, om avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av ny fritidsbustad samt avslag på søknad om rammeløve for riving av eksisterande fritidsbustad og bod med oppføring av ny fritidsbustad og etablering av mellombels anleggsveg. Den mellombelse anleggsvegen vert tilbakeført når tiltaket er ferdig.

Eksisterande fritidsbustad og ein bod har eit areal oppgitt til ca. 40-50m² tilsaman. Den nye fritidsbustaden vil få eit bygd areal på ca. 138 m² (BYA) og eit bruksareal (BRA) på ca. 120 m². Utnyttingsgrada er oppgitt til 12,5 % BYA.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 11.11.2020, der Alver kommune sitt vedtak datert 12.07.2020 vart gjort om og klagen tatt til følge.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«APM- 150/20 Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet LNF i KDP for Knarvik, Alversund med Alverstraumen og PBL § 1-8 for oppføring av ny fritidsbustad. Med heimel i PBL § 20 1a, vert det gjeve rammeløve for riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av ny fritidsbustad, samt etablering av mellombels anleggsveg. Vilkår 1: Det må legges fram dokumentasjon/løve på at eksisterande traktorveg kan nyttas

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

som tilkomstveg til parking til fritidsbustad, samt tinglyst vegrett og rett til parking for 2 bilar.

Vilkår 2: Det må dokumenteres tilkobling til offentlig avløpsanlegg.

Slik APM kan sjå saka vil ikkje selve bygget komme i konflikt med fremtidig ny Alersund Bru. Ny bygning vil heller ikke ha negative konsekvenser i strandsonen da eiendommen ligger på en høyde.

Kan ikke se at tiltaket kommer i direkte konflikt med noen kjente kulturminner.

Utvalet meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med miljø, landbruk og friluftsiresser, og at det ligg føre eit overvekt av omsyn som talar for å gje dispensasjon.

Vidare meiner utvalet at reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formålsreglar, ikkje vert vesentleg tilsidesatt og at fordelane ved å gje dispensasjon i denne saka er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og rammeløve for oppføring av ny fritidsbustad - gbnr 137/150 Alver

Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon - gbnr 137/150 Alver - Alver kommune

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve - gbnr 137/150 Alver

Situasjonsplan

Vegprofil 2

E-postmelding - Klage på avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve gbnr 137/150

Svar på førespurnad - gbnr 137/150 Alver

Svar på førespurnad om utsatt klagefrist - gbnr 137/150 Alver

Klage - gbnr 137/150 Alver

Avslag på søknad om dispensasjon og rammeløyve - gbnr 137/150 Alver

Uttale til søknad om dispensasjon - gbnr 137/150 Alver

Uttale - Dispensasjon - Fv. 565 - GBNR 137/150- Alversund

Uttale frå landbruksavdelinga til tiltak på GBNR 137/150 Alver

2016710 Uttale frå landbruksavdelinga til tiltak på GBNR 137/150 Alver

Vedlegg:

Tilbakemelding på innkommen merknad - gbnr 137/150 Alver

Merknad - Nabovarsel - Fritidsbustad - Gbnr 137/150 Alver

Søknad om dispensasjon - GBNR 137/150 Alver

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 137/150 Alver

Epost

Søknad om tillatelse til tiltak ved GBNR 137/150 Alver

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Saksforhold

Nabovarsel

Tegninger

Ansvarsrett

Tillatelse frå grunneigar

Avgjersle i klagesak som gjeld dispensasjon for bygging av tilkomstveg til fritidsbustad - gbnr 137150 Alver (L)(476867)

Kopi til:

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Lars Torgeir Henanger	Våganeset 36 A	5106	ØVRE ERVIK
Siv Henanger	Våganeset 36 A	5106	ØVRE ERVIK

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN